

FOLK OG FAMILIE

Firda Tidend

Tips: 57 86 87 90 • redaksjon@firdatidend.no

NAMNEDAG

Freddag 10. oktober
Frida, Fridtjof, Fritjof, Fridtjov, Frids

Laurdag 11. oktober
Kennet, Kenneth, Kent, Kevin

Søndag 12. oktober
Valter, Walther

Måndag 13. oktober
Vibeke, Wibeche, Tarjei, Terje, Torgeir

SEND EI HELSING

Gratulasjonar, helsingar til jubilantar, innrykk til nyfødde, vi gifter oss og nygifte og andre livsmarkeringar er GRATIS i Firda Tidend.

Send ein kort tekst og bilete seg på e-post redaksjon@firdatidend.no og merk e-posten «Folk og familie». Du kan også bruke Posten og sende til postboks 38, 6821 Sandane, eller stikke innom oss med tekst og bilete.

MINNEORD

Firda Tidend tek i mot minneord om avdøde personar i minneleg tid etter dødsfallet. Teksten må vere i omtaleform, altså ikkje i du-form, avgrensa til om lag 1500 teikn.

Det meiner andre

Slike tilstandar sauebøndene har opplevd i år, i definerte beite-prioriterte område, ønskjer ingen å oppleve igjen. Difor må det gjerast grep. I klartekst betyr det at jerven som har opptreidd som drepe eit høgt tal sau må takast ut.

Fjordingen

Når vi bur på Vestlandet er vi vande med hauststormane. Men klimaet vert også villare. Ekstremvær kjem oftare. Dette er ikkje ein «ein gong i året»-situasjon lenger – det er noko vi må rekne med som ein del av kvar-dagen. Difor må beredskap vere eit levande arbeid, ikkje eit dokument i ei skuff.

Fjordabladet

Det viktigste nå er at bombingen og krigshandlingene må ta slutt og store mengder nødhjelp må inn. Det er utålelig å være vitne til de lidelsene menneskene på Gaza-stripen utsettes for.

Sunnmørsposten

Hvordan de fikk lov til å behandle palestinere i Gaza som dyr, er noe historikerne kommer til å undersøke i fremtiden. Hvordan kunne det oppstå en menneskeskapt hungersnød? Hvordan var det mulig å skyte mot folk som sto i kø for å skaffe mat? Men krigsforbrytelser er enklere når ofrene aldri blir sett som mennesker.

Kjetil Kopren Ullebo, kommentator i BT

Det er gledelig og nødvendig at stadig flere sivile initiativ bidrar til å bygge forsvarsevne. Det sivilsamfunnet som skal forsvares, er i seg selv en viktig del av forsvaret.

Nasjonen

Voldsutsatte barn er avhengige av voksne som bryr seg og melder fra. Derfor må nabokjerring heles frem, ikke politianmeldes.

Shazia Majid, kommentator i VG

HÆ? Eit liv som tunghøyr

Journalist Frank Rossavik kjem til Sandane.

Gloppen hørselslag inviterer til temakveld med journalist, avis-kommentator og forfatter Frank Rossavik.

I boka «HÆ? Et liv som tunghørt» fortel han om korleis nedsett hørsel har prega heile hans yrkesliv og privatliv. Han skriv om fordommar og manglande tilrettelegging, og krydrar det heile med episodar

som syner kvifor livet som tunghøyr journalist kan kallast ekstremtransport.

I løpet av sin karriere har Rossavik intervjuet politikarar i inn- og utland. I boka si skildrar han utfordringar som han har hatt i si yrkesutøving.

Rossavik si bok er svært engasjerande og det same kan seiast om føredragshaldaren Rossavik. Gloppen hørselslag har difor gleda av å invitere til eit ope møte for alle interesserte. Vel møtt.



Alfred Bjørlo og styreleiar Chelsea Ranger i WILD Norway. Pressefoto.

Bjørlo har fått seg ny jobb

Tidlegare stortingsrepresentant og helsepolitisk talsperson for Venstre, eidaren Alfred Bjørlo, skal jobbe med likestillings-spørsmål i helse- og livsvitskap som nytt styremedlem i nettverket WILD Norway.

arbeidet «på golvet» i helsevesenet, men er i forbøffande liten grad representert i leiargrupper, styrerom og investeringsbeslutningar i helsenæringane. Kvinner si helse er også underprioritert og underfinansiert i helseforskning og behandling. Slik kan det rett og slett ikkje fortsetje. WILD Norway er ei ny og tydeleg stemme for betre kjønnsbalanse heilt «til topps» i helsenæringane. Det er avgjerande både for å få reell likestilling i samfunnet, og for å lukkast i å bygge livsvitskap og helse som sterke framtidsnæringar i Noreg. Eg er glad for å få sjansen til å bli ein del av laget i WILD Norway sitt viktige arbeid, seier Alfred Bjørlo i pressemeldinga.

Det opplyser WILD Norway i ei pressemelding.

Women in Life Science Norway (WILD) er eit politisk uavhengig kunnskaps- og resultatorientert nettverk som arbeider for kvinnehelse, kjønnsbalanse og inkluderande innovasjon i livsvitskap og norsk helsenæring.

- Kvinner gjer det meste av



Fylkesveg 615 mellom Hyen og Storebru blei nummer to i kåringa av den dårlegaste fylkesvegen i kongeriket.

Dette er "den nest dårlegaste" fylkesvegen i landet

Fylkesveg 615 mellom Hyen og Storebru var mellom dei ti finalistane i kåringa av den dårlegaste fylkesvegen i Noreg, som Opplysningsrådet for Veitrafikken (OFV) står bak.

Aadne Gloppestad
aadne@firdatidend.no

No er kåringa avgjort. Fylkesveg 33, som kryssar fylkesgrensa frå Akershus og over til Innlandet, stakk av med «sigeren», opplyser OFV i ei pressemelding.

- Heilt avgjerande for lokal-samfunnet

Fv. 33 går langs Mjøsa mellom Minnesund og Bjørge. Han blir brukt som skuleveg og er ei omkøyingsrute når E6 blir stengd. Han er smal, bratt og rasusett.

- Folk fortel om hol, steinras og parti der det knapt er plass til å

møtast. Når tungtrafikk og bussar skal passere, må dei ofte rygge eller vente i grøfta. Dette er kvardagen for folk som skal til jobb, skule eller sjukehus. Vegen er heilt avgjerande for lokalsamfunnet, men standarden er langt unna det folket og næringsliv treng, seier Torill Eidsheim i Opplysningsrådet for veitrafikken (OFV) i pressemeldinga.

- Er svært takksame

Fv. 33 fekk 18,4 % av stemmene i kåringa, medan Fv. 615 mellom Sandane og Storebru fekk 15,9 % og er med det "den nest dårlegaste" fylkesvegen i landet.

Det kom inn totalt 8.902 røyster, Fv. 615 fekk 1.417 av desse.

- Vi er svært takksame til alle som nominerte fylkesveg 615 Storebru - Sandane, slik at vi kom til finalen. Og vi sender 615 000 takk til alle som røysta på vegen, skriv styreleiar i Midtvegen 615, Olav Klungre i ein e-post til Firda Tidend.

